



Majo Eigedom As  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8065 - 22/93962

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
29.12.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 1/295 Flatøy

Tiltak: Einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 1/295  
Tiltakshavar: Dag Albert Sudmann  
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.11.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen skal koplast til kommunalt vass- og avløpsanlegg via privat leidningsnett. Tilknytingspunkt til kommunalt vass- og avløpsanlegg må visast på situasjonsplanen. Det må dokumenterast at eigedomen har rett til bruk av privat leidningsnett og at det ligg føre nødvendig samtykke frå eigar av privat grunn der leidningsnettet ligg på annan eigedom.
2. Slik vi forstår det av terrengprofil sør-vest vil terrenget verta heva om lag 1 meter 0 meter frå nabogrense mot gbnr 1/6. Det må visast korleis terrenget skal avsluttast mot grenselinja. Dersom tiltak skal etablerast i grenselinja må det innhentast erklæring med samtykke frå eigar av naboeigedomen.
3. Eigedomen får avkøyrse til offentleg veg via privat veg. Det må dokumenterast at eigedomen har rett til bruk av privat veg.

Vi gjer merksam på at erklæringar som vist til over må innhentast sjølv om det er same heimelshavar på begge eigedomane. Retten skal følgja eigedomen og ikkje person.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.01.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Dag Albert Sudmann

Hjelten 45

5918

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Majo Eigedom As

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ